



Hardangerrådet iks



Justis- og bederskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

**Høyring Domstolkommisjonens utredning NOU 2019:17
Domstolstruktur
- uttale frå Hardangerrådet.**

Av NOU 2019:17 er det føreslege at Hardanger tingrett sin rettskrins vert delt i to, der kommunane Kvam, Eidfjord og Ulvik vert ein del av Hordaland tingrett sin rettskrins. Ullensvang og heile Sunnhordland er føreslege lagt under Haugaland tingrett.

Dette er er svært dårleg løysing for innbyggjarane i Hardanger.

Å ha ein tingrett forankra i regionen vil ha verknad også for andre tilknytte funksjonar. T.d. er det sterk samanheng mellom tingrett, påtalejuristar, arrest og privat advokatpraksis.

Hardangerrådet vil difor gjeva full støtte til forslaget frå Ap, Frp, Sp og SV om å be regjeringa ikkje å gjennomføra dei planlagde strukturendringane mot stortingsfleirtalet sin vilje. Argumenta for å stoppa denne strukturendringa er heilt i samsvar med våre argument for å oppretthalda Hardanger tingrett i framtida.

Hardangerrådet vil også påpeika behovet for at Stortinget må ha styringsretten ift. framtidige endringar av domstolorganiseringa.

Det er naudsynt at stortingsfleirtalet no gjev tryggleik og langsiktig arbeidsro til den einskilde domstol, tilsette, kommunar og brukarar.

Kinsarvik, 29. mai 2020

Med venleg helsing
Hardangerrådet

Torgeir Næss
rådsordførar
Hardangerrådet signerer digitalt

Jostein Eitrheim
dagleg leiar